

# FELTARBEID VED FOKSTUMYRA

2007

med hovedvekt på ornitologi og ringmerking.

*Men også litt om planter, mosar og lav.*

**Kjell Mork Soot, Karl Johan Grimstad og Willy Mardal.**

Januar 2008



Fokstugu gard, innfallsporten til Fokstumyra. E6 i framkant for husa. Ringmerkarane bor i det vesle, kvite huset nærmast riksvegen. Ved enden av gardsvegen ligg Fokstugu jernbanestasjon. Nettfangsten av fugl foregår i skogen til venstre for enga. Vatna i bakgrunnen er Horrtjørnin.

Alle foto: Kjell Mork Soot

## INNHALD

<b>1. LITT OM FELTSESONGEN.....</b>	<b>3</b>
1.1 Vår.....	3
1.2 Sommar – og haust.....	4
<b>2. RINGMERKING.....</b>	<b>7</b>
2.1 Ringmerkingsresultat 2003-2007.....	7
2.2 Gjenfunn og kontrollar av fuglar ved Fokstugu i 2007.....	10
2.3. Kommenterar til artsliste og ringmerkingsliste.....	12
<b>3. ARTSLISTE FOR FUGL PÅ FOKSTUMYRA PR. 2007.....</b>	<b>16</b>
<b>4. DISKUSJON.....</b>	<b>18</b>
4.1 Planar framover.....	18
4.2 Besøk av skuleklasser.....	18
4.3 Raudlista artar observert på Fokstumyra i 2007.....	19
4.4 Etterlysing av tornskateobservatør.....	19
4.5 Har du uregistrerte observasjonar frå Fokstumyra ?.....	19
4.6 Brushanen på Fokstumyra i 2007.....	19
<b>5. ARTSLISTER FOR PLANTER, MOSAR OG LAV PR. 2007.....</b>	<b>19</b>
5.1 Planter.....	19
5.2 Lav .....	22
5.3 Mosar.....	22
<b>6. TAKK.....</b>	<b>24</b>
<b>7. LITTERATUR.....</b>	<b>24</b>

## 1. LITT OM FELTSESONGEN

### 1.1 Vår

Laurits Fokstugu (LFO), fastboande gardbrukar på Noregs høgstliggande aktivt drivne gardsbruk, og samtidig oppsynsmann for Fokstumyra, har gjort notatar i mange år, noko som kan bli interessant å kikke på ved høve. Karl Johan Grimstad (KJG) og Kjell Mork Soot (KMS) var første gong på Fokstumyrområdet 03. og 04. april. Det var litt uventa å sjå at store delar av markene på Fokstugu var fri for snø. Snøen låg i driver rundt husa, og ved snøbretta ved jernbanelinja. I vierområda og i skogen elles låg snøen tjukk. Den arten som gjorde mest ut av seg, var *kråker*. Der var sikkert 20-30 individ av dei. Vi sette opp nokre reirplatå berekna på *hornugle*, *dvergfalk* og *tårnfalk*, sidan vi venta toppår (eller neste år) av smånagarar. Det viste seg i løpet av sesongen at ikkje eit einaste av reirplatåa fall i smak hos eventuelle leigebuarar, men vi trøystar oss med at det kjem år etter dette. Dei første *ringduene* var alt komne og dreiv songflukt i skogen ovanfor Fokstugu gard. 04. april kom tre *traner* innover Fokstumyra frå aust. Dei flaug lågt over myra nokre gongar, fann visst ut at det enno var for vinterleg og kursa deretter sørover i retning Dombås /Lesjaleirene. Kunne det vere nokon av dei som 16. september året før drog som dei to siste frå Fokstumyra ? Etter notatar til LFO er vanleg ankomsttid for trana rundt 20. april .

21.mars kom dei tre første *starane* til Fokstugu (LFO). Fire dagar etter var der sju, same dagen som dei fire første *vipene* viste seg. For både staren og vipa er dette fleire veker tidlegare enn vanleg.

Desse siste dagane i mars var uvanlege vermessig for Fokstugu. Eit høgtrykk dominerte over Dovrefjell, med lite vind, og dagtemperaturar på sju-åtte varmegrader. LFO kunne til si overrasking telje om lag ti *neslesommarfuglar* rundt om på husveggane. Ein skitur til Vesle Blåhø (1340 m.o.h) ga han ein annan interessann observasjon: Medan han sat på toppen der, ved ei steinurd, kom der plutselig ein ganske stor sommarfugl ut av steinurda og flaug av garde. Skarpt solskin og motlys gjorde det vanskeleg å artsbestemme insektet.

Våren utvikla seg positivt. 14.04. kunne LFO notere 2 par *linerler*, *gulsporv*, *raudstrupe* og ved brua *fossefall* . Dagen etter såg han første *tårnfalken*. 18.april var det fire minusgrader og lett snødrev. Då dukka to *traner* opp. Denne gongen stakk dei ikkje av. Same dagen vart første *myrhauken*, ein hann, sett ved Fokstugu jernbanestasjon.

16-18.mai (KMS, KJG): Bra ver dei første to dagane , men kaldt om natta, 5-6 kuldegrader. Tett snødrev siste dagen førte til at vi måtte avslutte observasjonane, for vi frykta for at vi kunne ”snø inne” med berre sommardekk på bilen. Fleire par *myrhauk* enn vi hadde sett dei tre foregåande åra dukka opp, totalt fem. *Jordugla* derimot var det lite å sjå av, men vi fekk oppleve å sjå ei jordugle som knabba ei mus ut or klørne til ein myrhaukhann. Dei første *blåstrupane* og *lauvsongarane* var så vidt komne. Nokre *heilo* gjekk på markene, der vi fann eit *vipereir* med fire egg. Og *trana* låg på egg ved Søndre Horrtjern. Eit varslende par *storspove* ved tårnet viste tydeleg at der var hekking. Seks andeartar blei registrert på nasjonaldagen: fleire par å sjå av *krikkand*, *stokkand*, *brunnakke*, *siland* og *kvinand* . På Nordre Horrtjern låg der eit par med *havelle*.

Ein ny art for Fokstumyra blei registrert 27. mai av Martin Gundersen - *tretåspett* . Dagen etter såg LFO dei fire første *tårnsegjarane*.

08-10.juni (KMS, KJG): Kjemp flott ver. På Fokstugu viste gradstokken 24,5 grader. Denne varmen sette snøsmeltinga for alvor i gang i høg fjellet. Det førte til at dei lågastliggande

områda på Fokstumyra blei oversvømt. Alt tyder på at eitt av *myrhaukreira* blei teke av flaumen, for den 10. juni såg vi stadig ei myrhaukhoe som på denne tida burde ha lege på egg. Uvanleg mange *blåstrupar* var også å sjå. Dei hadde tydelegvis lide same skjebne som myrhauken, i lag med mange av *hettemåsane* i den nordlege delen av reservatet. Vi har mistanke om at mange artar fekk reira oversvømt desse dagane, for eksempel *enkeltbekkasin*, *sivsporv* og enkelte *andeartar*. Og LFO kunne berette at *tranehekkinga* ved Horrtjørnin var mislukka. Temmeleg sikkert pga stadige forstyrningar. Same observatør kunne berette om minst fem *vipeungar* på markene. I driftsbygninga på Fokstugu prøvde to *låvesvalepar* å etablere seg. Det eine fekk fram ein unge etter kvart. Det andre paret forsvann berre. Det var ein strek i rekninga, for ho der hadde ring på høgge fot, som kunne ha gitt ein interessann kontroll. Fuglen var i alle fall ikkje ringmerkt på Fokstugu.

I tre år har vi under nettfangsten brukt ei presenning som feltstasjon, ikkje alltid så ideelt med tanke på veret og mygg som gjerne vil ha seg litt blod, men vi hadde i alle fall tak over hovudet. Da LFO tilbød oss ei lita brakke til feltstasjon, var det sjølvsagt ikkje nei frå vår side. Vi fiksa den opp ein del hausten 2006, og 09. juni sette LFO og sonen Erlend brakka på plass ved hjelp av ein traktor på den staden vi tidlegare hadde hatt "feltstasjon".



To meter igjen, og ringmerkingsbua er på plass, 09.juni 2007.

## 1.2 Sommar- og haust

28.06-01.07 (KMS): Seks velutvikla *tårnfalkungar* blei ringmerkte. Eit sannsynleg omlagt og nylagt *blåstrupereir* med 6 egg blei funne.

07-08.juli (KMS): Fann enno reir med egg i, for eksempel hos *blåstrupe* og *raudvengtrast*. Ein *tårnfalk* hadde det same. *Hornugleungane* i eit skjorareir hadde kome seg unna utan ring. Dei fleste fuglane var no i i full gang med å mate ungar.

14.-18.juli (KMS): Det blei arbeidd med ungemerking denne tida, spesielt blei det jobba med *myrhauk* og *dvergfalk*. Desse to artane vil bli satsingsartar i åra framover, ved sida av *blåstrupe* og *trepiplerke*. Tre kull med *dvergfalk* og to med *myrhauk* var så langt vellukka. Viser til *Soot (2007 b)* når det gjeld myrhauken. To utfarga *songsvaner* kom inn og landa på Søndre Horrtjern 14.07. Om kvelden blei ein stor *traneunge* sett saman med foreldra, utanfor reservatet. Ni *ringduer* i flokk blei registrert 16.07. Det meste sett på ein gong denne sesongen. Det var mindre å sjå av denne arten enn i 2006.

26. juli – 27. august (KMS / WMA): For første gong blei stasjonen driven ein heil månad utan avbrekk, og det med dansk hjelp mot slutten av perioden. Ein av dei fremste danske ringmerkarane, Willy Mardal (WMA), kom etter avtale 12. august, og dreiv stasjonen åleine frå den 14. august, ispedd at KMS var der i helgane.

Allereie dagen etter oppstart, 27. juli, hang der ei *flaggspett* i nettet. Ein nær slektning, *vendehals*, den andre vi har fanga på Fokstugu, kom inn dagen etter, same dag som ein ung *gjerdesmett* og ein *munk* hamna i netta. Dette var klart beste fangstdagen i juli med 244 ringmerkingar, der *blåstrupe*, *sivsporv*, *lauvsongar* og *gråsisik* dominerte. Ein ung *fuglekonge* blei fanga den 29. juli. Nest siste dagen i juli måtte avsluttast tidleg pga kraftig regn, medan det siste dagen dukka litt uventa opp ein ung *gransongar*. Same dag fekk årets to første *gulsongarar* ring og fem *linerler*. Dei sistnemnde blei det fanga uvanleg mange av for å vere på Fokstugu, fordi det blei drive med slått på marka nærmast netta. Dermed samla mange *erler*, *piplerker*, *starar* osv seg på dei nyslåtte engane. Ein *enkeltbekkasin* blei også fanga. Den neste kom først 15. september. Bestanden av enkeltbekkasin er ganske svak på Fokstumyra for tida.

August opna med ei *spettmeis* 01. august. Den andre for året kom 20. august. Hittil er tre *spettmeis* registrerte på Fokstugu. På første dagen i august kom også første *trepipplerka*. Noko storår for den arten blei det ikkje. I løpet av månaden blei 150 ringmerkte, med toppdagar 25 individ 11. august og 31 den 21. august. Dei første to *lemen* blei sett denne første dagen i august, fleire dagar etter at LFO tidlegare hadde rapportert om at denne arten blei sett i gode mengder høgre til fjells. Ikkje sidan om lag 1972 skal der ha vore så mykje *lemen*. Minst 200 ungfugl av *stare* furasjerte på dei nyslåtte markene. 02. august blei årets einaste *sivsongar* fanga. Eitt individ pr år er blitt det vanlege. Og så kom første frostnatta for sommaren med ei kuldegrad 03. august. Første *svartkvit flugesnappar* dukka opp 07. august. Beste trekkdagen for den arten var 21. august med 5 ringmerkte. 08. august kom første *hagesongar* i nettet. Denne dagen var forresten talmessig den beste i denne månaden med 270 fugl.



*Sporveugle* 09. august 2007.

Første funn på Fokstumyra.



*Bøksongar* 10. august 2007.

Første funn på Fokstumyra.

09. august var datoen for registrering av ny art for Fokstumyra, *sporveugle*. Arnkjell Johansen frå Østfold RG var akkurat på dagsbesøk, og var behjelpelig med å aldersbestemme fuglen til ei gammel hoe. Ny art også dagen etter: *bøksongar*. Første *raudstrupen* dukka opp 17. august. Seinare var arten omtrent dagleg representert i netta dei neste ti dagane. Det kan

tyde på at arten begynte på trekket tidlegare i 2007 enn vanleg. Den raudlista *dvergspetta*, med eitt ringmerkt individ tidlegare år, slo til med eitt individ 18. august. 22.september blei ytterlegare to individ ringmerkte. Alle var ungfuglar. I tidsrommet 20 til 24. august blei 3 *gråflugesnappar* fanga inn. Ein ung *grankorsnebbhann* fekk ring 21.august. *Svartmeis*, blei ringmerkt 24. august. Om kvelden gjekk ei *hornugle* i nettet, og 26.august blei ein *polarisisik* registrert. *Dvergfalken* begynner tidleg å dra ut frå revira. Eitt individ blei fanga 18.08. Ytterlagare eitt 23.08. Den 24.08 klokka 05.30 blei 8 *tårnfalkar* skræmt opp frå Fokstugu stasjon då toget passerte i stor fart.

I månadsskiftet august/september og ei veke framover var KMS på Svalbard på ringmerking på Sørkappøya. Det lukkast ikkje å få tak i folk for bemanning på Fokstugu OS i den perioden. Og i helga 14-16 september var veret dårleg, så fangst blei driven berre ein kort periode. *Ein enkeltbekkasin* blei einaste resultatet (KMS).

21.09-23.09 (KMS): 235 fugl blei ringmerkt denne helga. Det som var mest framtrédande, var at nesten all *gråsisik* og *brunsisik* var vekke. Totalt blei berre tre individ av desse to artane ringmerkte. Lokkelyd blei køyrt, og den ga ingen respons. Samanlikna med året før var det mykje meir *raudvengtrast* å få. Den tendensen heldt seg ut heile sesongen. Også *gråtrasten* var det brukbart med, men forekom ikkje i så store mengder som året før. Høgdepunktet denne helga var to *dvergspett* som blei fanga samstundes 22.09. Seks *bokfink* på ein dag er også uvanleg å få på Fokstugu. Om kvelden blei ei *hornugle* hanka inn. Dagen etter blei to *pilfink* fanga. Og årets første *blåmeis*.

28.09-30.09 (KMS og Torill Lohne, Kragerø RG): Lite fugl i terrenget. Berre ein *gråsisik* blei sett denne helga, sjølv om lyd blei spelt. Tre *grønnsisik* blei observert. Ei *svartmeis* nummer to dette året, hang plutselig i netta.. Men det var kaldt i veret. Det er ikkje kvart år at gradestokken viser minus 11 den 29. september.

07.10-14.10 (KMS): I denne perioden var det nokre få kuldegrader nesten heile tida. Første dagen opna med ny art for Fokstumyra, *nøtteskrike*, som flaug i nettet.



*Nøtteskrike* 07. oktober 2007. Første funn på Fokstumyra.

To dager etter, 09.10, var der endå ein ny art for Fokstumyra, ei *gråspett* hoe. Ho nekta plent å la seg fange, men heldt til rundt fangsthytta lenge. Ein *varslar* blei observert om lag samstundes, og ein flokk på fem *grønnsisik*. 10.oktober heldt 11 *bergiriskar* til ved Fokstugu gard heile dagen.. Ein flott *jaktfalk* passerte over same staden i austleg retning. I heile veka kunne, som vanleg på denne tida, *songlerker* observerast rundt om på markene, opp til tre samstundes. Dei to siste *bokfinkane* for året blei fanga inn. På markene samla det seg etter

kvart litt trast, kanskje nærmare 100. Den 11. oktober starta eit kraftig snøver klokka fem om morgonen, før det var lyst. Det kom om lag 10 cm i løpet av kort tid. Dette snøveret løyste ut eit stort trastetrekk . Tusenvis passerte i løpet av formiddagen. Det var påfallande at dei store mengdene dukka opp først eit par timar etter det var blitt lyst. Starta dei i grålysninga, hadde dei då flogne i alle fall over 100 km, for eksempel frå Sør-Trøndelag, der det også var snøver denne morgonen. Det blei årets beste fangstdag for trast med 90 *raudvengtrast* og 81 *gråtrast*. Det er på slike dagar stasjonen skulle ha vore bemanna med fleire personar ... *Steinskvett* er ikkje så ofte å få på Fokstugu. Denne snødagen hang der plutseleg to individ i netta. *Raudstrupen* var heilt tydeleg ferdig med hovudtrekket. Frå ein til tre blei dagleg fanga i denne haustferieveka. Ny, men venta art for Fokstumyra, *stjertmeis*, hang der fire av i 12. oktober. Individ nummer fem flaug rundt nettet og ville ikkje i. Ein *pilfink* fekk ring same dato. To dagar etter blei ein ny fanga. 12. oktober blei ein *kvartbekkasin* fanga i kanalen, som var open trass i snø og frost. Ein *fossekall* blei også fanga inn der, og dagen etter ein *enkeltbekkasin*. Den fjerde og siste *gjerdesmetten* for året gjekk i nettet 12.10. Dei fleste dagane i denne veka hang der *dompap* i netta. Det blei også stadig observert mindre flokkar. Det var uvanleg mykje *dompap* å sjå samanlikna med tidlegare år. 13. oktober blei ei *rugde* fanga inn. Ho var i svært god stand. Same dato blei åtte *svarttrast* ringmerkt, og årets siste *sivsporv*. Ein relativt stor flokk med *kråker*, om lag 100, passerte i ”spreidd orden” om formiddagen i retning Dombås. Dei var tydeleg på trekk. Som sleppt or ein sekk dukka det plutseleg opp ein heil del *gråsisik* igjen på denne datoen, på same tid som året før. Og det var ein annan type enn det som blir fanga på Fokstugu tidlegare på året. Fuglane var større og lysare. Fleire kunne bestemmast å vere såkalla ”langnebba gråsisik”. 88 *gråsisik* og sju *brunsisik* blei ringmerkte denne dagen. Dagen etter blei det 94 fanga *gråsisik* og to *brunsisik*. I løpet av denne haustferieveka blei elles 2 *hornugler* og 2 *jordugler* ringmerkte.

19.-21.10 (KMS, KJG) Til saman blei 108 fuglar ringmerkte denne helga, 67 *gråsisik* og fem *brunsisik*. *Raudstrupe*, *gråtrast*, *raudvengtrast*, *svarttrast*, *kjøtmeis*, *blåmeis*, *granmeis*, *dompap* og to *jordugler* blei fanga inn. Fleire *dompapflokkar* flaug forbi den 20.10. Same dag passerte ein *fjellvåk* midt ute på myra, det same gjorde fem *stare*. Av frykt for meir vinterlege forhold neste helg, og problem med nedrigginga av utstyret då, slutta vi av sesongen.

## 2. RINGMERKING

### 2.1. Ringmerkingsresultat 2003-2007.

<u>Art</u>	<u>Ringmerkt</u> <u>2003-</u> <u>2006</u>	<u>Pull</u> <u>2007</u>	<u>Fg.</u> <u>2007</u>	<u>Tilsaman</u> <u>2007</u>	<u>Totalt</u>
<b>Krikkand</b> <i>Anas crecca</i>	2	-	-	-	2
<b>Myrhauk</b> <i>Circus cyaneus</i>	9	10	-	10	19
<b>Hønehauk</b> <i>Accipiter gentilis</i>	2	-	-	-	2
<b>Sporvehauk</b> <i>Accipiter nisus</i>	6	-	-	-	6
<b>Tårnfalk</b> <i>Falco tinnunculus</i>	-	8	-	8	8

<u>Art</u>	<u>Ringmerkt</u> <u>2003-</u> <u>2006</u>	<u>Pull</u> <u>2007</u>	<u>Eg.</u> <u>2007</u>	<u>Tilsaman</u> <u>2007</u>	<u>Totalt</u>
<b>Dvergfalk</b> <i>Falco columbarius</i>	6	8	2	10	16
<b>Kvartbekkasin</b> <i>Lymn. minimus</i>	-	-	1	1	1
<b>Enkeltbekkasin</b> <i>Gall. gallinago</i>	10	-	3	3	13
<b>Rugde</b> <i>Scolopax rusticola</i>	2	-	1	1	3
<b>Skogsnipe</b> <i>Tringa ochropus</i>	1	-	-	-	1
<b>Strandsnipe</b> <i>Actitis hypoleucos</i>	1	-	-	-	1
<b>Sporveugle</b> <i>Glauc passerinum</i>	-	-	1	1	1
<b>Hornugle</b> <i>Asio otus</i>	-	-	4	4	4
<b>Jordugle</b> <i>Asio flammeus</i>	-	-	4	4	4
<b>Perleugle</b> <i>Aegolius funereus</i>	1	-	-	-	1
<b>Tårnseglar</b> <i>Apus apus</i>	2	-	-	-	2
<b>Vendehals</b> <i>Jynx torquilla</i>	1	-	1	1	2
<b>Flaggspett</b> <i>Dendrocopus major</i>	1	-	2	2	3
<b>Dvergspett</b> <i>Dendrocopus minor</i>	1	-	3	3	4
<b>Låvesvale</b> <i>Hirundo rustica</i>	1	1	2	3	4
<b>Trepiplerke</b> <i>Anthus trivialis</i>	173	-	150	150	323
<b>Heipiplerke</b> <i>Anthus pratensis</i>	1601	-	182	182	1783
<b>Gulerle</b> <i>Motacilla flava</i>	62	-	76	76	138
<b>Vintererle</b> <i>Motacilla cinerea</i>	1	-	-	-	1
<b>Linerle</b> <i>Motacilla alba</i>	2	-	6	6	8
<b>Sidensvans</b> <i>Bombycilla garrulus</i>	24	-	-	-	24
<b>Fossefall</b> <i>Cinclus cinclus</i>	3	-	2	2	5
<b>Gjerdsmett</b> <i>Troglod. troglodytes</i>	14	-	4	4	18
<b>Jernsporv</b> <i>Prunella modularis</i>	381	-	45	45	426
<b>Raudstrupe</b> <i>Erithacus rubecula</i>	563	-	94	94	657
<b>Blåstrupe</b> <i>Luscinia svecica</i>	2501	4	876	880	3381
<b>Svartraudstjert</b> <i>Ph. ochruros</i>	1	-	-	-	1
<b>Raudstjert</b> <i>Phoenic. phoenicurus</i>	47	-	21	21	68
<b>Buskskvett</b> <i>Saxicola rubetra</i>	3	-	-	-	3
<b>Steinskvett</b> <i>Oenanthe oenanthe</i>	6	-	5	5	11
<b>Svartrast</b> <i>Turdus merula</i>	20	-	19	19	39
<b>Gråtrast</b> <i>Turdus pilaris</i>	430	-	263	263	693
<b>Måltrast</b> <i>Turdus philomelos</i>	51	-	18	18	69
<b>Raudvengtrast</b> <i>Turdus iliacus</i>	192	-	293	293	485
<b>Sivsongar</b> <i>Acroc. schoenobaenus</i>	5	-	1	1	6
<b>Gulsongar</b> <i>Hippolais icterina</i>	15	-	8	8	23
<b>Hauksongar</b> <i>Sylvia nisoria</i>	1	-	-	-	1
<b>Møller</b> <i>Sylvia curruca</i>	23	-	18	18	41

<u>Art</u>	<u>Ringmerkt</u> <u>2003-</u> <u>2006</u>	<u>Pull</u> <u>2007</u>	<u>Eg.</u> <u>2007</u>	<u>Tilsaman</u> <u>2007</u>	<u>Totalt</u>
<b>Tornsongar</b> <i>Sylvia communis</i>	1	-	-	-	1
<b>Hagesongar</b> <i>Sylvia borin</i>	32	-	12	12	44
<b>Munk</b> <i>Sylvia atricapilla</i>	59	-	9	9	68
<b>Gulbrynsongar</b> <i>Phyll. inornatus</i>	6	-	-	-	6
<b>Bøksongar</b> <i>Phylloscopus sibilatrix</i>	-	-	1	1	1
<b>Gransongar</b> <i>Phylloscop. collybita</i>	98	-	8	8	106
<b>Lauvsongar</b> <i>Phylloscop. trochilus</i>	2217	-	856	856	3073
<b>Fuglekonge</b> <i>Regulus regulus</i>	124	-	7	7	131
<b>Gråflugesnappar</b> <i>Musc. striata</i>	4	-	3	3	7
<b>Svartkvit flugesn.</b> <i>Fic hypoleuca</i>	34	-	14	14	48
<b>Stjertmeis</b> <i>Aegithalos caudatus</i>	-	-	4	4	4
<b>Granmeis</b> <i>Parus montanus</i>	47	-	60	60	107
<b>Svartmeis</b> <i>Parus ater</i>	2	-	2	2	4
<b>Blåmeis</b> <i>Parus caeruleus</i>	27	-	18	18	45
<b>Kjødmeis</b> <i>Parus major</i>	64	-	51	51	115
<b>Spettmeis</b> <i>Sitta europaea</i>	1	-	2	2	3
<b>Trekrypar</b> <i>Certhia familiaris</i>	1	-	-	-	1
<b>Varslar</b> <i>Lanius excubitor</i>	1	-	-	-	1
<b>Nøtteskrike</b> <i>Garrulus glandarius</i>	-	-	1	1	1
<b>Stare</b> <i>Sturnus vulgaris</i>	1	-	10	10	11
<b>Pilfink</b> <i>Passer montanus</i>	2	-	4	4	6
<b>Bokfink</b> <i>Fringilla coelebs</i>	28	-	20	20	48
<b>Bjørkefink</b> <i>Fring. montifringilla</i>	384	-	24	24	408
<b>Grønfinnk</b> <i>Carduelis chloris</i>	15	-	8	8	23
<b>Grønsisik</b> <i>Carduelis spinus</i>	40	-	38	38	78
<b>Bergirisk</b> <i>Carduelis flavirostris</i>	1	-	-	-	1
<b>Gråsisik</b> <i>Caruelis flammea</i>	3796	-	1327	1327	5123
<b>Brunsisik</b> <i>Carduelis cabaret</i>	1015	-	299	299	1314
<b>Polarsisik</b> <i>Carduelis hornemanni</i>	21	-	3	3	24
<b>Rosenfink</b> <i>Carpod. erythrinus</i>	2	-	-	-	2
<b>Grankorsnebb</b> <i>Loxia curvirostra</i>	1	-	1	1	2
<b>Dompap</b> <i>Pyrrhula pyrrhula</i>	2	-	21	21	23
<b>Lappsporv</b> <i>Calcarius lapponicus</i>	1	-	-	-	1
<b>Gulsporv</b> <i>Emberiza citrinella</i>	1	-	7	7	8
<b>Dvergsporv</b> <i>Emberiza pusilla</i>	1	-	-	-	1
<b>Sivsporv</b> <i>Emberiza schoeniclus</i>	733	-	409	409	1142
<b>Totalt 79 artar ( 59 artar i 2007):</b>	<b>15729</b>	<b>31</b>	<b>5324</b>	<b>5355</b>	<b>21084</b>

## 2.2 Gjenfunn og kontrollar av fuglar på Fokstugu i 2007

19 fuglar av sju artar har vi fått melding om i løpet av 2007, av dei er 12 utanlandsfunn: Sverige (6), Finland (2), Russland (1), Danmark (1) og Belgia (2).

### Teiknforklaringar:

F       hoe  
M       hann  
1K      ungfugl, ringmerkt i første leveår / kalendarår  
1K+     ringmerkt i første leveår, eller eldre  
x       funnen død  
w       drepn mot vindaug  
f       funnen død, fersk  
xk      drepn av katt  
vR      kontrollert av ringmerkar  
1-0-25. Funnen etter 1 år, 0 månad og 25 dagar.



*Denne rugda, ringmerkt 04.september 2005, blei skoten 17.11.2007 i Nord-Irland. Sjå ringmerkingsdata under.*

### Rugde, *Scolopax rusticola*

**6188983** 1K+ 04.09.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland

+ 17.11.2007 Ballywalter, Down, **NORD-IRLAND**. 1200 km SW. 2-2-13.

### Heipiplerke, *Anthus pratensis*

**5E28392** 1K+ 10.09.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland

vR 05.10.2006 Heuseux, Liege, **BELGIA**. 1291 km S. 1-0-25.

**5E28761** 1K 28.07.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland

vR 14.09.2006 Västra Frölunda, Västra Götaland, **SVERIGE**. 518 km SSE. 0-1-17.

**Sidensvans, Bombycilla garrulus**

**8A85938** F1K 21.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland

xwf 22.11.2006 Uppsala, Uppsala, *SVERIGE*. 515 km ESE. 0-1-1.

**Raudstrupe, Erithacus rubecula**

**5E95199** 1K 01.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland

x 17.02.2007 Lyngør, Tvedestrand, Aust-Agder. 388 km S. 0-4-16.

**Blåstrupe, Luscinia svecica**

**5E92649** M1K 19.08.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland

vR 21.05.2007 Långskär, Åland, *FINLAND*. 627 km ESE. 0-9-2.

**6E88265** F1K 08.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland

xkf 24.08.2007 Nusnäs, Kopparberg, *SVERIGE*. 313 km ESE. 0-0-16.

**Lauvsongar, Phylloscopus trochilus**

**5H81784** 1K 27.08.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland

vR 11.09.2006 Ribachiy, Kaliningrad, *RUSSLAND*. 1022 km SE. 0-0-15.

**6H63600** 1K 11.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland

xkf 23.08.2007 Sørumsand, Sørum, Akershus. 258 km SSE. 0-0-12.

**Kjødmeis, Parus major**

**5E28555** M1K 24.09.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland

v 20.12.2007 Ljoshaugen, Dombås, Dovre, OpplAND. 10 km SW. 2-2-27.

**Gråsisik, Carduelis flammea**

**5H86299** M1K 01.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland

vR 19.02.2007 Moseby, Nordjylland, *DANMARK*. 547 km S. 0-4-16.

**5H86446** 1K+ 09.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland

vR 17.10.2006 Sandsgård, Ås, Akershus. 284 km SSE. 0-0-8.

**5H60322** 1K 14.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland

xk 06.02.2007 Höör, Skåne. *SVERIGE*. 728 km ESE. 0-3-22.

**6H60839** 1K 15.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland

xk 31.01.2007 Teleborg, Kronoberg, *SVERIGE*. 662 km SE. 0-3-16.

**6H61074** 1K 21.10.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland vR 22.03.2007 Vinkkilä, Turku-Pori, *FINLAND*. 679 km E. 0-5-1.

**6H63038** 1K 02.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland vR 27.09.2007 Stora Fjäderägg, Västerbotten, *SVERIGE*. 622 km NE. 0-1-26.

**6H63392** 1K 08.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland vR 01.09.2007 Hjerkin, Dovre, Oppland. 19 km NE. 0-0-24.

**6H66307** 1K 17.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland vR 01.09.2007 Hjerkin, Dovre , Oppland. 19 km NE. 0-0-15.

**6H63392** 1K 25.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland  
vR 01.09.2007 Hjerkin, Dovre , Oppland. 19 km NE. 0-0-7

**Sivspurv, *Emberiza schoeniclus***

**5E96658** F1K 16.09.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland  
vR 27.10.2006 Aard, Antwerpen, **BELGIA**. 1239 km S. 0-1-13.

**5E95901** 1K 01.08.2007 Fokstugu, Dovre, Oppland  
vR 12.11.2007 Villefranque, Pyrenees-Atlantiques, **FRANKRIKE**. 2190 km SW. 0-3-13.

**4E63731** F2K+ 08.10.2005 Mønstermyr, Flekkefjord, Vest-Agder vR 02.08.2006 Fokstugu, Dovre, Oppland. 453 km N. 0-9-28.

### 2.3 KOMMENTARAR TIL RINGMERKINGSLISTE OG ARTSLISTE

**Storskarv *Phalacrocorax carbo*** : Eit individ tok ein sving inn om Fokstumyra naturreservat før han landa på Vålåsjøen like ved, 26. august 2007. (Jon Opheim, Jan Kåre Roang, Ragnar Ødegård og Torun Ekeløf). Første registrering av denne arten på Fokstumyra.

**Songsvane *Cygnus cygnus***: 14.07.2007 kom to utfarga individ frå sør og landa på Søndre Horrtjern. Dei forsvann seinare på dagen. Det er eit spørsmål om dette var fuglar på mytetrekk. Etter oppsummeringane til Thor Østbye skulle dette vere femte observasjon på Fokstumyra, alle er vår- /sommarfunn ; (jfr *Soot 2006*.)

**Myrhawk *Circus cyaneus***: Fem par vart registrerte om våren. Flaum øydela eitt reir, og eit par (det mest stabile gjennom dei siste åra) forsvann utan at vi veit grunnen. Eit kull med fem ungar utanfor reservatet, vaks opp. Eit kull blei funne daude like før dei var i stand til å flyge (Sjå *Soot 2007b*). Ein rypejeger kontakta meg etter litt omtale av dette i media og sa at han var 95 prosent sikker på at ungane var drepne av rypejegarar. Så godt kjende han dette miljøet, var hans påstand.... Femte reir var umogeleg å finne pga av stor ferdsel i reirområdet.



*Oppsynsmann Laurits Fokstugu foran fem friske myrhawkungar 14.juli 2007.*



*Same ungane 01.august. Avliva... Dei tre lengst borte låg daude i reiret som bildet viser. Dei to nærmaste låg utanfor reiret, men er her lagde inn for fotografering.*

**Myrrikse *Porzana porzana*:** To observasjoner foreligger. Et syngende individ nord i området 27.06.1968 og et syngende individ ved Søndre Horrtjern 12.06.2002 (THØ 2003). Som ei meir utfyllande opplysning blei første individ nemnt over høyrte i perioden 25-27.06.1968. Ein annan observasjon som tydelegvis ikkje er registrert tidlegare, blei gjort 25.06-03.07.1974. Fuglen blei då høyrte frå riksvegen (Geoff Acklam pers.medd.).

**Musvåk *Buteo buteo*:** Kun en registrering gjort av arten, ett individ 08.06.2002 (THØ 2003). Andre registrering av denne arten blei gjort 26.08.2007 ved tårnet (Jon Opheim, Jan Kåre Roang, Ragnar Ødegård og Torun Ekeløf).

**Sporveugle *Glaucidium passerinum*:** Ei adult hoe fanga i nett og ringmerkt 09.august 2007. Første registrering av denne arten på Fokstumyra (Arnkjell Johansen, KMS, LFO).

**Jordugle *Asio flammeus* / hornugle *Asio otus*:** I gnagaråret 2007 samla det seg etter kvart ein del individ i vierområdet ved nettplassen, der opp til åtte blei sett på ein gong flygande i skumringa. Fire individ av kvar av desse to artane blei fanga og ringmerkt. Anslagsvis 30 individ flaug inn i det største heisenettet i løpet av hausten, men dei fleste kom seg ut igjen. Eit heisenett berekna på større fugl er bestilt og vil bli tatt i bruk neste sesong.



Hornugle, ringmerkt 24. august 2007.



Jordugle, ringmerkt 10. oktober 2007.

**Kvartbekkasin *Lymnocyptes minimus*:** Arten er observert med eitt individ i 1927, 1988 og 1989 (THØ 2003). Fjerde funn blei gjort 11.10.2007. Fuglen blei fanga og ringmerkt i nett som stod over ein liten dreneringskanal. (KMS, LFO)



Kvartbekkasin, 11.oktober 2007. Fjerde funn på Fokstumyra.

**Enkeltbekkasin *Lymnocyptes minimus*:** Ein flaum midt i hekketida i 2005 øydela mykje av hekkinga det året. Arten ser ikkje ut til å ha tatt seg opp att etter det. Ein mindre flaum i 2007 kan også ha gjort skade.

**Vendehals *Jynx torquilla* :** 27.juli 2007 blei ein ungfugl fanga og ringmerkt (KMS, LFO). Dette er det andre funnet dei fire siste åra vi har drive der.

**Gråspett *Picus canus*:** Eitt individ, ei hoe, observert 09.oktober 2007. Dette er første registrering av denne arten på Fokstumyra. (KMS)

**Svartspett *Dryocopus martius*:** 1 individ blei observert 31.august 2007 ved Nysætra/Langtjønn i flukt mot Fokstugu (Johnny R. Pedersen, John Martin Mjelde). Dette er første registrering av denne arten på Fokstumyra.

**Dvergspett *Dendrocopos minor*:** Denne raudlista arten blei det fanga og ringmerkt 3 individ av i 2007: eitt ind 22.08 (WMA, KMS) og 22.09 to individ (KMS).

**Tretåspett *Picoides tridactylus* :**1 individ observert 27.05.2007 av Martin Gundersen.

**Gulerle *Motacilla flava*:** 2007 var eit godt år for denne arten , 76 individ blei fanga. Det er i dei tre tidlegare åra totalt fanga 62 individ.

**Gjerdsmett *Troglodytes troglodytes*:** eit svært ungt individ fanga og ringmerkt 28.07.2007. Dette tyder på hekking i nærområdet. 10.august året før blei ein liknade observasjon gjort. Soot (2006).

**Steinskvett *Oenanthe oenanthe*:** På første skikkelege snødagen, 11.oktober, blei to steinskvettar fanga og ringmerkte (KMS). Det seine tidspunktet og store vengemål tyder på at begge kan vere av den grønlandske rasen *leucorhoa*. Eine fuglen (NOS 6E91497) hadde veng på 103 mm og vekt på 25 gram. Den andre (NOS 6E91498) hadde vengelengd på 106 mm og vekt på 25,5 gram. Vengemåla er i overkant av nominatrasen. *Svenson (1992)* skriv : ”Identification of single birds in autumn is rarely possible except by size....Identify only large birds... Wing-length more than 102mm...” Utifrå dette burde etter mi meining begge desse individa tilhøyre rasen *leucorhoa*.



*Steinskvett av den grønlandske rasen leucorhoa 11.oktober 2007*

**Blåstrupe *Luscinia svecica*:** 880 blåstrupar blei ringmerkte. Det verka som arten var litt seinare ute med hekkinga enn åra før. Ein del reir blei tatt av ein flaum som blei forårsaka av sterk snøsmelting i fjellet rundt 10. juni. Lågaste områda av myra blei råka.

**Svartrast *Turdus merula*:** Normal fangst av arten i august- september. Etter at snøen kom 11.oktober, var det uvanleg mange fugl i netta og observert elles. Sikkert fuglar austfrå på trekk mot kysten og Storbritannia.

**Bøksongar *Phylloscopus sibilatrix*:** Eitt individ fanga i nett og ringmerkt 10. august 2007. Første registrering av denne arten på Fokstumyra (KMS).

**Stjertmeis *Aegithalos caudatus* :** Fire individ fanga i nett og ringmerkt 12.oktober 2007. Eit femte individ til same flokken var ikkje mogeleg å fange. Første registrering av denne arten på Fokstumyra (KMS).



*Stjertmeis i nettet 12.oktober 2007. Første funn på Fokstumyra.*

**Svartmeis *Parus ater*:** Blei første gong registrert i 2006 (24.09 og 08.10). I 2007 blei også to individ registrerte, 24.08 og 30.09.

**Granmeis *Parus montanus*:** Uvanleg mange fanga i 2007. Totalt blei det i åra 2004-2006 ringmerkt 47. I 2007 åleine blei 60 ringmerkte. Det blei elles rapportert om uvanleg mykje granmeis i Trøndelag , på Sunnmøre og andre stader.

**Kjødmeis *Parus major*:** Fleire enn vanleg fanga i 2007, 51 individ. Året før blei 29 fanga, som var det meste til då. Ser ut til å ha auka i tal. Første observasjon av kjødmeis på Fokstumyra var i 1983 (THØ2003).

**Nøtteskrike *Garrulus glandarius*:** Eitt individ fanga i nett og ringmerkt 07.oktober 2007. Første registrering av denne arten på Fokstumyra (KMS).

**Pilfink *Passer montanus*:** Av denne arten blei fem individ observert i ein flokk 18.09.2004 på fangstplassen på Fokstugu. To av desse blei ringmerkt. Arten var då ikkje sett sidan 1857. I 2007 blei 4 individ fanga inn og ringmerkte, henholdsvis 23.09 (2 ind), 12.10 og 14.10. Det merkelege var at alle fire fuglane, etter å ha blitt sleppte, gjekk i høgda og flaug mot nord i retning Trøndelag (KMS).

**Dompap *Pyrrhula pyrrhula*:** Ofte å sjå i oktober 2007. Vi har aldri sett så mykje dompap på Fokstumyra før. 21 individ blei ringmerkte. Tidlegare er 2 individ ringmerkt totalt (2005).

**Gråsisik /brunsisik *Acanthis flammea* / *Acanthis cabaret*:** I løpet av dei to-tre første vekene i september blei Fokstumyrområdet fullstendig tømt for gråsisik / brunsisik. Det blei køyrt lokkelyd for å sjå om der var noko særleg igjen. Responsen var svært liten. Området var omtrent tomt for desse artane. Litt uventa blei det ei viss forandring den 13. oktober. Det

var ikkje enorme mengder som dukka opp , men så pass mykje at omtrent 100 blei fanga pr. dag. Akkurat på same tid som året før, veke 41, kom det då mange lyse og store eksemplar, fleire av typen ”langnebb”. Også to polarsisik var blant desse. Kvar Fokstumyrbestanden var blitt av, kan eit gjenfunn fortelje noko om i alle fall: ein ungfugl, ringmerkt 01.august, blei kontrollert av ringmerkar i Västerbotten, Sverige 27. september, 622 km i nordaustleg retning. Det verkar som om fuglane denne hausten har gått austover mot Russland. Vinteren før, 2006/2007, ga fleire funn som tydde på at då overvintra mange i Sør-Sverige, Danmark og nærliggande område.

